



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Ragne Aasan

Bygginvegen 1989, 2940 Heggenes

Referat, Ungdomsråd 07.02.19

Ungdomens kulturhus Gapahuken
Møtt: Ragne, Geir Kjetil, Kristin, Sebastian
Ikkje møtt: Margrete
For kommunen: Øystein Skattebu

Referatsaker

Minnegåve til Gapahuken

I 2018 fekk ungdomsklubben ei minnegåve på 50 000,-
Det ligg no inne eit forslag om at desse midlane kan nyttast til å etablere ein gamingstasjon i Gapahuken. Gaming er populært blant ungdom, og Gapahuken meiner dette kan vere eit bra tilbod i ungdomshuset. Det er litt avhengig av å få til eit god plassering, og korleis ein kan løyse dette med tanke på anna bruk. I tilfellet, er det ynskje om å kjøpe inn 3-4 datamaskiner, bord, stolar, samt legge opp elektrisk anlegg. Kostnaden er vurdert til 120 000kr inkl. mva. Ein må søkje om stønad til dei øvrige midlane, i tillegg til å ta litt frå eige budsjett.

Ungdomsråd for Valdres

Styret i VNK har vedteke at det skal bli etablert Ungdomsråd for Valdres. Intensjonen er at rådet også får ein plass i Valdresrådet, slik at ungdomen kan bli høyrte.

Øystein er invitert i møte 20.februar for å drøfte dette.

Ungdomsrådet ynskjer at Ragne får vere med som ungdomsrepresentant frå Øystre. Øystein sjekkar om dette er ok.

Inventar i Gapahuken

Det er no kjøpt inn nye sofagrupper og aktivitetsbord i Gapahuken, etter ynskje frå ungdomsrådet. Dette har ført til at golvarealet i underetasjen er "tettare befolka", og at heile huset i større grad vert teke i bruk. Møblane skal få hjul, slik at dei vert lette å flytte på.

Ungdomen tek del i politikken i Øystre Slidre

Me ser med glede at ungdom får listeplass inn mot valet i Øystre Slidre til hausten. Ragne Aasan står på lista til Arbeiderpartiet, medan Silje Døvre Roland har plass på lista til Senterpartiet.

Ungdomsrådet legg opp til å gå gjennom dei ulike partiprogramma når dei vert offentleggjort seinare i år, og følgje opp det som angår ungdom i kommunen i tida før og etter valet.

Sak 19/01 Gapahuken – opningstider 2019/20

Bakgrunn for saka:

Ungdomens kulturhus Gapahuken har ope onsdag frå 14.45-19.00 og fredag frå 18.30-22.00. Opningstidene vart bestemt av ungdomsrådet / formannskapet hausten 2018.



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Ragne Aasan

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggnes

I utgangspunktet var det skissert ei anna opningstid frå administrasjonen, som etter deira meining ville gje eit best mogleg tilbod, basert på ungdomsrådet og ungdomsklubben sine intensjonar for klubbdrifta, samt bemanningssituasjonen.

Dette forslaget til opningstid vart forkasta, etter ein diskusjon som kom opp i kjølvatnet av eit avisinnlegg i august 2018.

Dagens opningstider krev mykje rullering på dei tilsette. Onsdag jobbast det delte vakter, der nokon har ansvar for dei to fyrste opningstimane, og to andre dei to siste. Dette medfører vanskar med å planlegge og gjennomføre gode aktivitet på onsdagar, og det vert liten kontinuitet og forutsigbarheit for opplegget desse dagane. Dette skapar og vanskar for å bygge relasjonar med ungdomane.

Tre av dei tilsette tok jobben i Gapahuken på grunnlag av ei anna arbeidstidsløysing enn den me har, og det er stor velvilje og fleksibilitet som gjer til at me har kunne praktisere denne opningstida.

For at dei tilsette skal få ein litt enklare arbeidskvardag, og for at tilbodet i Gapahuken skal bli betre, ynskjer dei tilsette å endre opningstidene frå hausten 2019. Opningstidene vert dei same, men me byter dag frå onsdag til torsdag. Fredag går som no.

Øystein har vore i dialog med STABEN og ein del andre ungdomar, som meiner dette er eit godt alternativ, som ikkje skal gå utover deira høve til å nyte tilbodet.

Etter diskusjonen kring opningstider i haust, gav Formannskapet uttrykk for at ungdomen og ungdomsrådet skulle ha råderett over opningstidene i Gapahuken.

Forslag til vedtak:

Øystein la fram innspel om at Gapahuken endrar opningstidene frå august 2019, til at det er ope torsdagar frå 14.30-19.00 og fredagar frå 18.30-22.00 .

Vedtak:

Ungdomsrådet tillèt at Gapahuken endrar opningstidene frå august 2019, til at det er ope torsdagar frå 14.30-19.00 og fredagar frå 18.30-22.00.

Sak 19/02 Ungdomsrådet i 2019

Ungdomsrådet har over fleir år vore delaktige i utviklinga av det nye ungdomshuset. Dette har teke mykje av tida vår. I tillegg har me kome med innspel til ulike planer, og jobba aktivt med tilbodet kring psykisk helse for ungdom.

Ungdomsrådet kjenner no at det er på tide med litt ny tematikk.

Me kom opp med følgjande idear til vidare arbeid:

- Øystein vil forhøyre seg i administrasjonen om kva aktuelle saker og planer som kan vere aktuelle for innspel frå ungdomsrådet i 2019.

- Ungdomsrådet vil sette seg inn i dei ulike partiprogramma , og vere aktive fram mot kommunevalet seinare i år.



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Ragne Aasan

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

- Ungdomsrådet vil ta for seg kva tilbod Beitostølen har for ungdom under 18år, både med tanke på fastbuande og turistar. Kva tilbod finst på Beitostølen for denne målgruppa? Me vil særskild sjå på ikkje-kommersielle tilbod, og høyre med dei som driv utvikling av Beitostølen og kva planer dei har for denne målgruppa i arbeidet. Det er og ynskje om å få omvising og forklaring på kva utbygging som er på gang, og kva planane eventuelt er vidare etter det som no pågår.

Neste møte : torsdag 7.mars kl.17.00

For ungdomsrådet
Øystein Skattebu

Ragne Aasan

Sign. medlem i ungdomsrådet

Kristin Alfsteed

Sign. medlem i ungdomsrådet